

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 07.12.2020

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 11 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021
--

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)
Tidspunkt: Måndag 7. desember 2020, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 99 19-21	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 100 19-21	Godkjenning av protokoll nr. 10 19-21 frå Skikrinsstyret
SAK 101 19-21	SFSK AK protokoll nr. 05 19-21
SAK 102 19-21	SFSK AK referat Haustmøtet 2020
SAK 103 19-21	SFSK LK protokoll nr. 05 19-21
SAK 104 19-21	SFSK LK protokoll nr. 06 19-21
SAK 105 19-21	SFSK LK protokoll nr. 07 19-21
SAK 106 19-21	SFSK LK referat Haustmøtet 2020
SAK 107 19-21	SFSK HKK protokoll nr. 04 19-21
SAK 108 19-21	SFSK HKK referat Haustmøtet 2020

RAPPORTERING

SAK 109 19-21	Rekneskapsrapport pr. 25.11.2020
----------------------	---

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 110 19-21	Budsjett 2021
SAK 111 19-21	Sogn og Fjordane-leikane
SAK 112 19-21	Utstyrspakke skileik
SAK 113 19-21	SFSK Handlingsplan 2019-2021
SAK 114 19-21	Skikrinstinget 2021
SAK 115 19-21	Møteplan 1. halvår 2021
SAK 116 19-21	Søknad midlar til rekrutteringstiltak

ORIENTERINGSSAKER

SAK 117 19-21	Stimuleringsmidlar frå Norges Skiforbund
SAK 118 19-21	Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins
SAK 119 19-21	Anleggsstatus
SAK 120 19-21	Skiaktivitet og smittevern

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Tor Arne Hov, Jan Inge Årdal og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER: Tor Arne Hov deltok ikkje i Sak 113-119

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 99 19-21

**Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 100 19-21

**Godkjenning av protokoll nr. 10 19-21 frå Skikrinsstyret
Bakgrunn**

Protokoll frå styremøte nr. 10 19-21 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 10 19-21.

SAK 101 19-21

**SFSK AK protokoll nr. 05 19-21
Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 05 19-21 i alpinksomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 102 19-21

**SFSK AK referat Haustmøtet 2020
Bakgrunn**

Referat frå alpinksomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

SAK 103 19-21

**SFSK LK protokoll nr. 05 19-21
Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 05 19-21 i langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 104 19-21

**SFSK LK protokoll nr. 06 19-21
Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 06 19-21 i langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 105 19-21

SFSK LK protokoll nr. 07 19-21

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 07 19-21 i langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 106 19-21

SFSK LK referat Haustmøtet 2020

Bakgrunn

Referat frå langrennskomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

SAK 107 19-21

SFSK HKK protokoll nr. 04 19-21

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 04 19-21 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 108 19-21

SFSK HKK referat Haustmøtet 2020

Bakgrunn

Referat frå hopp- og kombinertkomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

RAPPORTERING

SAK 109 19-21

Rekneskapsrapport pr. 25.11.2020

Bakgrunn

Rekneskap pr. 25.11.2020 er vedlagt.

Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 25.11.2020:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
Kr 3 036 210,-	Kr 2 008 694,-	Kr 1 027 515,-	Kr 0,00
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat	AU Årsbudsjett
Kr 1 096 606,-	Kr 433 902,-	Kr 662 704,-	Kr 0,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Årsbudsjett
Kr 809 758,-	Kr 579 492,-	Kr 230 266,-	Kr 0,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Årsbudsjett
Kr 50 580,-	Kr 45 860,-	Kr 4 720,-	Kr 0,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Årsbudsjett
Kr 1 079 265,-	Kr 949 440,-	Kr 129 825,-	Kr 0,00

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 110 19-21

Budsjett 2021

Bakgrunn

Framlegg til rammer for budsjett for 2021 er lagt ved som eige vedlegg.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2021 balanserer, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 3 100 400,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 3 100 400,-.

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på markedsinntekter, lagskontingent (årskontingent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå fylkeskommune, tilskot frå NSF (post 3 midlar), momskompensasjon, rennavgifter samt eigendelar frå løparar/ føresette og klubb.

Administrasjonen ber skikrinsstyret vere merksame på følgjande:

- Markedsinntektene til Sogn og Fjordane Skikrins er budsjettert på omtrent same nivå som i 2020.
- Ver merksam på at følgjande markedsavtale må reforhandlast i 2020 og 2021 på dagens nivå: Coop Nordvest SA (alpint/langrenn) og Bilhuset Førde (alpint).

Det er elles budsjettert med post 3-midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr. 30 000,- fordelt på Rekrutteringsprosjektet, paraidrett, samt kurs og utdanningsverksemd.

Prinsippet med fordelingsnøkkelen knytt til markedsinntektene, der 88% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane medan AU held igjen 12% til eiga drift, er lagt til grunn i framlegg til budsjett.

ARBEIDSUTVALET

Styret

I samband med aktiviteten til styret er det budsjettert med ca. kr. 105 000,- i kostnader.

Kostnadane til styret er i hovudsak knytt til møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (Skiting, Vårmøte og Haustmøtet 2021).

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå greinkomiteane i samband med Norges Skiforbund sine Vår- og Haustmøter (i tråd med tidlegare praksis).

Krinsting

Det skal gjennomførast krinsting i 2021 og det er budsjettert med ca. kr. 40 000,- i kostnader, på same nivå som rekneskapstala frå 2019 syner.

Drift administrasjon

Markedsinntekter

Samla budsjetterte markedsinntekter i 2021 er ca. kr. 910 000,- etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.

Tilskot frå idrettskrins

Det er budsjettert med kr. 50 000,- i tilskot frå Idrettskrinsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2020 syner (om ein trekk i frå avsetning frå 2019 for ekstratilskot frå Idrettskrinsen).

Etter samanslåing til Vestland idrettskrets er dette tilskotet halvert.

Lagskontingent

Lagskontingenten (årskontingent) er budsjettert ihht. til vedtak i samband med Skikrinstinget 2019 og om lag same nivå som rekneskapstala for 2020 syner, og utgjer samla ca. kr. 190 000,-.

Momskompensasjon

Jf. tidlegare retningslinjer for utbetaling av momskompensasjon er denne tilskotsordninga budsjettert med ca. kr. 110 000,- (samla for skikrinsen). Dvs. ca. 5% av sum driftskostnader for organisasjonen.

Her kan ein merke seg at driftskostnadane i 2020 gjekk betydeleg ned, der fleire prosjekt for skikrinsen (AU og komiteane) fekk ei avgrensa gjennomføring eller ikkje vart gjennomført grunna situasjonen med covid-19.

Dei siste åra har skikrinsen fått utbetalt ca. kr. 160 000,- årleg i momskompensasjon.

Det er elles verdt å merke seg at momskompensasjonen er fordelt i høve til prosentvis andel budsjetterte driftskostnader for AU og respektive greinkomitear.

Lagsbesøk

Under lagsbesøk er det budsjettert med kostnader knytt til klubbutvikling både i klubb og sone, inkludert korte kurs i klubb.

Det er vidare budsjettert med eit tilskot på kr. 20 000,- frå Idrettskrinsen (prosjektstøtte).

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Rekrutteringsprosjekt

I rekrutteringsprosjektet er det budsjettert med eit tilskot på kr. 10 000,- til (post 3 midlar) og kr. 25 000,- i stimuleringsmidlar (avsetning frå 2020) frå Norges Skiforbund.

Det vidare budsjettert med kostnader knytt til gjennomføring av rekrutteringstiltak.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Utedagen

Prosjektet *Utedagen* vert vidareført og det er budsjettert med kr. 100 000,- i offentlege tilskot frå fylkeskommunen frå ordninga «Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom».

På kostnadssida er det budsjettert med opplæring av instruktørar og lærarar, honorar og reise til instruktørar, og prosjektoppfølgning.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Utdanning

Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i balanse.

Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, post 3-midlar og kursinntekter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, leige av lokale m.m.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Paraidrett

Innanfor område paraidrett er det budsjettert med 2 stk. ski- og snøsamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Inntektene er budsjettert med eit tilskot frå NSF (post 3-midlar) på kr. 10 000,-, medan kostnadane er relatert til leige av skianlegg.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Prosjektmidlar

Jf. handsaming og vedtak av langtidsbudsjett på Skikrinstinget 2019 går Prosjekt Telemark/ Randonee over til å gjelde prosjekt for alle greiner.

Det er budsjetterte med usikre inntekter på dette prosjektet, då desse må komme frå tilskot e.l. Kostnadsartane er usikre, men det er lagt opp til eit rammebudsjett på kr. - 30 000,-.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

ALPINKOMITEEN

Alpinkomiteen sitt budsjett balanserer med kr. 873 000,- i driftsinntekter og kr. 873 000,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 369 500,- i overføring av markedsinntekter, jf. samarbeidsavtalane med Fjord1, Bilhuset Førde, COOP Nordvest SA og Sparebanken Vest.

Samarbeidsavtalen med Fjord1 går noko ned i avtalesum for 2021.

Momskompensasjon er budsjettert til ca. kr. 30 000,-, om lag kr. 10 000,- mindre enn budsjettert dei seinare åra. Dette fordi driftskostnadane i 2020 gjekk betydeleg ned då fleire prosjekt for komiteane fekk ei avgrensa gjennomføring eller ikkje vart gjennomført grunna situasjonen med covid-19.

Det er også lagt inn kr. 20 000,- i lisensar/ rennavgifter. Dette er omlag same nivå som budsjett for 2020 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 408 000,-.

NM

Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad kr. 15 000,-. Dette er omlag same nivå som rekneskap for 2019 viser (reduisert aktivitet i 2020).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 15 000,-

Jr. NM

Ifbm. Jr. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr. 10 000,-. Dette er omlag same nivå som rekneskap for 2020 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 10 000,-.

HL

På Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettert med honorar, reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 46 000,-.

Cup

Ifbm. Fjord1 rekrutteringstiltak er det budsjettert med kr. 15 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 15 000,-.

FIS-renn

Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar.

Det er også lagt inn at krinsen forskotterer startkontingent i samband med desse renna.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – kr. 15 000,-.

Samlingar/ krinslag

Samlingane er budsjettert i høve til alpinksomiteen sitt sportslege opplegg i 2019 (reduisert aktivitet i 2020).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 300 000,-.

Alpinkomiteen

Til møteverksemd i alpinkomiteen er det sett av kr. 7 000,-.

HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN

Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserer med kr. 54 500,- i driftsinntekter og kr. 54 500,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 50 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE.

Det er også lagt inn kr 3 000,- i lisensar/ rennavgifter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 46 500,-.

NM

Ifbm. NM det budsjettert med kostnader på til saman kr. 6 500,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 6 500,-

HL

Ifbm. Hovudlandsrenneter det budsjettert med kostnader på til saman kr. 6 500,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 6 500,-

Cup

I samband med SFEhopp cup er det budsjettert med kjøp av premiar på kr. 5 000,- .

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 5 000,-.

Rekrutteringsprosjekt i hopp – « Fannemel-effekten»

Det er budsjettert med rekrutteringsprosjekt i hopp.

Det er ikkje budsjettert med inntekter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 30 000,-.

Hopp- og kombinertkomiteen

Til møteverksemd i komiteen er det sett av kr. 5 000,-.

LANGRENNSKOMITEEN

Langrennskomiteen sitt budsjett balanserer med kr. 1 547 000,- i driftsinntekter og kr. 1 547 000,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr 392 000 i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og SFE.

Momskompensasjon er budsjettert til kr. 30 000,-, om lag kr. 10 000,- mindre enn budsjettert dei seinare åra. Dette fordi driftskostnadane i 2020 gjekk betydeleg ned då fleire prosjekt for komiteane fekk ei avgrensa gjennomføring eller ikkje vart gjennomført grunna situasjonen med covid-19.

Vidare er det budsjettert med kr. 50 000,- i lisensar/rennavgifter, tilsvarende nivå som budsjett for 2020.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 448 500,-.

Sommarskiskule og Langrennskurs (sommarski)

Rekneskap for desse prosjekta vart frå 2019 overført LK (tidlegare har LK fått overført eit evt. overskot).

Det er budsjettert med at prosjekta totalt sett skal balansere.

Inntektene for sommarskiskulen er relatert til deltakaravgifter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til trenarar, kost og losji m.m.

Inntektene for trenarkursa er relatert til kursinntekter og vidarefakturering, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, kost og losji m.m.

NM, jr. NM og HL

Ib.m. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørebod. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Hovudlandsrennet 2021 er avlyst, men det er planlagt regional rennhelg (Voss) for aktuelle løparar, og komiteen opprettheld fellesopplegget til denne rennhelga.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla ca. kr. – 110 000,-.

Cup/ SSF Cup

Ib.m. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr. 40 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

I tillegg er budsjettert med kr. 40 000,- i kjøp av premiar til SSF Karusell (sonerenn).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 85 000,-.

FIS-renn

I samband med renna i Norgescupen er det budsjettert at komiteen dekkjer reise, opphald og honorar for 2 hovudleiar på NC jr. I tillegg overnatting for 4 i støtteapparat (kvart arrangement) på NC jr.

NC jr. er avlyst i 2021, men det er planlagt regional cup (SørVestCup) som erstatning for aktuelle løparar, og komiteen opprettheld fellesopplegget til desse renna.

På NC sr. er det budsjettert ein mindre andel, då det blir gjort avtale med andre kretsar om at aktuelle løparar får ta del i deira fellesopplegg.

Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 100 000,-.

Krinslag

På krinslaget er det budsjettert med kr. 330 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), om lag same nivå som budsjettet for 2020 syner.

Vidare er det m.a. budsjettert med kr 135 000,- i kjøp av klede og kr. 190 000,- i overnatting i samband med samlingar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 145 000,-.

Langrennskomiteen

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 7 500,-.

GENERELL SLUTTKOMMENTAR

Adm. sitt framlegg til rammer for budsjett må reviderast 1. kvartal 2021.

I tillegg kan det vere aktuelt med diverse avsetningar frå 2020 til 2021, m.a.o. må budsjettet oppdaterast når Skikrinsstyret gjer endeleg vedtak om evt. avsetningar.

Det blir lagt opp til at vedtak om evt. avsetningar skal gjerast i samband med styremøte i januar/februar 2021, når arbeidet med rekneskapen for 2020 er slutført.

VEDTAK

Skikrinsstyret vedtek rammene for budsjettet 2021, og gjer vidare vedtak om at budsjettet skal reviderast 1. kvartal 2021.

SAK 111 19-21

Sogn og Fjordane-leikane

Bakgrunn

Skikrinsen sitt arrangement Sogn og Fjordane-leikane, eit arrangement på tvers av alle greinene i Sogn og Fjordane Skikrins, er planlagt skal avviklast også kommande vinter.

Informasjon frå Sogn og Fjordane-leikane sesongen 2019-2020;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2020/1/sogn-og-fjordane-leikane/>

Styret drøfta følgjande punkt i møtet:

- Stad og dato

- Bidrag frå ressurspersonar
- Bidrag frå greinkomiteane/-miljøa
- Restriksjonar med smittevern og covid-19

Arrangementet bør også implementert i greinkomiteane sine terminlister.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Sogn og Fjordane-leikane vert utsett til vinteren 2022 grunna restriksjonar med smittevern, og at skikrinsen kommande vinter bidreg med tilpassa opplegg ut til skigruppene på bakgrunn av innmeldt interesse.

Adm. følgjer opp med informasjon ut til skigruppene vedr. klubbesek.

SAK 112 19-21

Utstyrspakke skileik

Skikrinsen har fått innvilga kr. 100 000,- frå Sparebankstiftinga til prosjektet *Utstyrspakke skileik*, på same vis som i 2019.

I 2019 la ein opp til ein søknadsrunde der skigrupper kunne søke skikrinsen om å få ein utstyrspakke til bruk i sin skiaktivitet. I tillegg får dei tilbod om klubbesek frå skikrinsen, der ein får gode aktivitetstips i bruk av utstyret.

Det kom inn totalt 18 søknader frå skigrupper og skikrinsen kunne tildele til 10 søkjarar i høve gavesum.

For gavesummen i 2020 har skikrinsen kjøpt inn 12 utstyrspakkar, og i samråd med styreleiar har adm. tildelt utstyrspakke til søkjarane frå 2019 som ikkje fekk tildeling i fjor (8 skigrupper). Skikrinsstyret vart orientert pr. e-post om denne avgjersla.

Følgjande skigrupper har fått tildelt utstyrspakke skileik i 2019 og 2020:

- Breimsbygda IL
- Eid IL
- Fjellhug/Vereide IL
- Førde IL Alpin
- Førde IL Haukedalen
- Førde IL Langrenn
- Hafslo IL Langrenn
- Hardbagg IL
- Haugen IL
- IL Bjørn
- IL Jotun
- Jølster IL Alpin
- Jølster IL Barneidrettsskule
- Jølster IL Langrenn
- Markane IL
- Sogndal IL
- Syril IL
- Årdalstangen IL

Skikrinsstyret drøfta i møtet korleis ein fordeler dei 4 resterande utstyrs-pakkane.

Følgjande kriteria var lagt til grunn i handsaming av søknader i 2019:

- vil kunne gi særleg effekt for rekruttering i skigruppa
- skigrupper i alle sonene (Sogn, Sunnfjord, Nordfjord) representert i tildelinga
- sambruk på tvers av greiner i skigruppa/til bruk for generell skiaktivitet

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å tildele utstyrspakke til følgjande skigrupper:

- Tambarskjelvar IL
- Stryn T og IL Alpin
- Hornindal IL
- IL Fanaråk

Adm. følgjer opp dei fire skigruppene med informasjon.

I tillegg publiserer adm. informasjon på skikrinsen sine nettsider om alle skigruppene som har fått tildelt utstyrspakke til skileik i 2019 og 2020.

SAK 113 19-21

SFSK Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

SFSK sin handlingsplan er lagt ved som eige vedlegg.

I samband med møtet skal Skikrinsstyret drøfte skikrinsen sine tiltak, oppdaterte handlingsplan med omsyn til status, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

SAK 114 19-21

Skikrinstinget 2021

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins skal halde sitt ting innan utgangen av mai 2021 i samband med Vårmetet, jf. vedtak i Sak 95 19-21 i Skikrinsstyret.

Skikrinsstyret fastset stad og dato for tinget i møtet.

Det er framlegg frå leiar om å gjennomføre tinget laurdag 29. mai 2021 i Førde ved Scandic Sunnfjord Hotell.

Vidare drøfta styret framdrift og prosess for ny handlingsplan for perioden 2021-2023.

Anleggskomiteen har starta sitt arbeid med utkast til ny anleggsplan for perioden 2021-2025, og vil legge fram utkastet til Skikrinsstyret til handsaming. Leiar av anleggskomiteen orienterte i saka.

Strategidokumenta skal handsamast og vedtakast på Skikrinstinget 2021.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

- Skikrinstinget 2021 vert halde i Førde på Scandic Sunnfjord Hotell laurdag 29. mai. Vår møtet skal gjennomførast i samband av tinget.
- Adm. følgjer opp prosess med ny handlingsplan med eigne møte i kvar komite før møte i Skikrinsstyret i april.
- Program for Vår møtet vert drøfta i neste styremøte.

SAK 115 19-21

Møteplan 1. halvår 2021

Bakgrunn

Skikrinsstyret fastset møteplan 1. halvår 2021.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak om møteplan for 1. halvår 2021:

- Måndag 1. februar 2021, Skei/ Teams (digitalt)
- Måndag 12. april 2021, Skei/ Teams (digitalt)
- Måndag 3. mai 2021, Teams (digitalt)

SAK 116 19-21

Søknad midlar til rekrutteringstiltak

Bakgrunn

Hopp- og kombinertkomiteen søker Sogn og Fjordane Skikrins - AU om midlar på kr. 12 000,- til innkjøp av 10 par rekrutteringsski (lette hopparki med langrennsbinding) til bruk på rekrutteringstiltak i skikrinsen.

HKK ynskjer å få til samarbeid med etablert skisenteret for langrenn og/eller alpint om tilrettelegging av 1-5-10 meters-bakkar for enkle aktivitetar for rekruttering. I tillegg aktivitet på Sogn og Fjordane-leikane. Det vil då vere viktig for komiteen å ha tilgang på lette rekrutteringsski med langrennsbinding.

Rekrutteringsskia kan ved eit seinare høve bli tildelt hoppgrupper.

Komiteen vil også legge til rette for at hoppgrupper kan søkje Sparebankstiftinga om gåvemidlar til innkjøp av denne type rekrutteringsski.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om innvilge søknaden frå hopp- og kombinertkomiteen.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 117 19-21

Stimuleringsmidlar frå Norges Skiforbund

Bakgrunn

Styret i Norges Skiforbund har vedtatt å fordele kr. 800 000,- i stimuleringsmidlar til aktivitet i krets.

Halvparten av midlane er knytt til koronabidraget frå kretsane for å få adm.sjefane tilbake i 20% stilling i permitteringsperioden våren 2020, men som Norges Skiforbund ikkje nytta seg av.

Den andre halvparten er søkbare midlar.

Skikrinsen har fått innvilga søknaden sin på kr. 25 000,- i stimuleringsmidlar. Midlane skal nyttast som stimulering til klubbar for å gjennomføre breiddesamlingar, der skikrinsen dekkar innkjøp av mat til fellesmåltid.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 118 19-21

Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
AVIS Bilutleige	AU	2021	Avtale går til t.o.m. 30.06.2021.
Sparebanken Sogn og Fjordane	Langrenn	2023	Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2023).
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2021	Avtale går til t.o.m. 31.05.2021.
SFE	Hopp/ langrenn	2022	Avtale går til 30.04.2022.
COOP Nordvest SA	Alpint/ langrenn	2020	Avtale går til t.o.m. 2020. Reforhandling er sett i gong.
Fjord1	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021.
Sparebanken Vest	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021.
Bilhuset Førde	Alpint	2021	Avtale går til 31.08.2021.
Intersport Sogndal	Alpint	2021	Avtale går til 01.06.2021.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 119 19-21

Anleggsstatus

Bakgrunn

Leiar av anleggsutvalet og adm. orienterte om status for følgjande anlegg:

- Sogndal Skisenter – anleggsutvikling langrenn
- Vik Skisenter – status utstyr til hoppanlegg

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 120 19-21

Skiaktivitet og smittevern

Bakgrunn

Skidretten er ein del av dugnaden for å stoppe koronasmitten og støttar opp under helsemyndigheitene sitt arbeid for å hindre spreing.



Norges Skiforbund oppmodar klubbane til å gjennomføre gode lokale arrangement og aktivitetar kommande vinter.

[Skiforbundet sin koronarettleiar](#) er oppdatert med siste reglar og retningslinjer for gjennomføring av aktivitet for klubbar og medlemmar.

Skikrinsen følgjer opp sine klubbar og medlemmar med informasjon og rådgjeving i høve gjeldande reglar og retningslinjer. I tillegg gjer komiteane i skikrinsen sine vurderingar i høve krinsaktivitet.

Adm. har gjennomført eit webmøte (30.11.2020) med arrangørar av skirenn i langrenn med informasjon om smittevern i samband med arrangement og gjennomgang av døme på praktisk gjennomføring av skirenn gjennom covid-19.

Det er planlagt same møte med arrangørar i alpint 15. desember 2020, og det blir vurdert gjennomført med arrangørar i hopp i samråd med komiteleiar.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Styreleiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 100 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 10 19-21 frå Skikrinsstyret

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 12.10.2020

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL MØTE NR. 10 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)

Tidspunkt: Måndag 12. oktober 2020, kl. 20.00-21.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 92 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

SAK 93 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 09 19-21 frå Skikrinsstyret

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 94 19-21 Oppfølging rapport Organisasjonsutvalet NSF

SAK 95 19-21 Tidspunkt for Skikrinstinget 2021

SAK 96 19-21 Ekstraordinære midlar frå Vestland fylkeskommune

ORIENTERINGSSAKER

SAK 97 19-21 Tilskot frå Vestland idrettskrets

SAK 98 19-21 Innvilga søknad kompensasjon frå krisepakken

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud,
Per Asbjørn Felde, Jan Inge Årdal, Tor Arne Hov og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 92 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 93 19-21

Godkjenning av protokoll nr. 09 19-21 frå Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 09 19-21 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 09 19-21.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 94 19-21

Oppfølging rapport Organisasjonsutvalet NSF

Bakgrunn

Organisasjonsutvalet til Norges Skiforbund, som ser på skiforbundet sin politiske styringsmodell, kom med ei innstilling i etterkant av høyringssvar frå organisasjonen;

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/organisasjonsutvalget/>

Skistyret handsama saka i styremøte i juni og vedtok m.a. å sette ned eit utval som skal sjå på kretsane si rolle som bindeledd mellom klubb og forbund for å sikre auka rekruttering;

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/nyheter/2020/7/oppfolging-av-organisasjonsutvalgets-anbefalinger/>

«Kretsutvalet» starta omgåande arbeidet med problemstillingane med sikte på å konkludere i løpet av hausten.

Saka vart drøfta i møte i Skikrinsstyret 7. september der styret gjorde følgjande vedtak i sak 81 19-21:

Skikrinsstyret gjer vedtak om at leiar følgjer opp og tek vidare innspel frå drøftingar i møtet.

Kretsleiarane har hatt møte med «kretsutvalet» 6. oktober. Utvalet har komme med ein førebels rapport der kretsleiarane kunne komme med innspel i møtet.

Rapporten vart også vidare sendt Skikrinsstyret for innspel til leiar, og ligg ved som eige vedlegg.

Saka skal også opp på kretsleiar møtet 21. oktober 2020.

Styreleiar la fram saka i møtet med påfølgjande diskusjonar i styret.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at leiar tek med seg innspela frå diskusjonane i møtet.

SAK 95 19-21

Tidspunkt for Skikrinstinget 2021

Bakgrunn

Skitinget, som skulle vore gjennomført i juni 2020, er flytta til 11.-13. juni 2021.

Kretstinga til skikretsane skal haldast i 2021 og i følgje lovnorma innan utgangen av mai månad.

Med bakgrunn i signala frå kretsleiarmøtet 16. juni 2020 handsama Skistyret saka i møte 24. juni 2020, der styret gjorde følgjande vedtak:

- *Skistyret gir dispensasjon fra skikretsenes lovnorm angående frist for avholdelse av skikretsting i 2021 slik at fristen for avholdelse av skikretsting utsettes til utgangen av september.*
- *Kretser som eventuelt ønsker å avholde skikretsting før skitinget, kan søke skistyret om dispensasjon til å oppnevne avtroppende leder som tingrepresentant.*

Skikrinsstyret må vurdere når det er mest hensiktsmessig å gjennomføre Skikrinstinget 2021.

Mellom anna må styret vurdere om ein utarbeider ny handlingsplan og anleggsplan for skikrinsen med utgangspunkt i Skipolitisk dokument 2016-2020 eller i det nye strategidokumentet til Norges Skiforbund.

Det nye strategidokumentet skal vedtakast på Skitinget 11.-13. juni 2021. I førebels utkast til strategidokument skal hovudmåla for perioden nåast gjennom eit spesielt fokus på følgjande innsatsområde:

- Aktivitetsutvikling
- Anleggsutvikling
- Arrangementsutvikling

Framdrift for prosess med ny anleggsplan og handlingsplan for skikrinsen avheng av når Skikrinstinget 2021 skal haldast.

Styret drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å halde Skikrinstinget 2021 i samband med Vårsmøtet og innan utgangen av mai månad.

SAK 96 19-21

Ekstraordinære midlar frå Vestland fylkeskommune

Bakgrunn

Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune vedtok 16.09.2020 ei ny tilskotsordning med ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet som er råka av koronasituasjonen.

Det er samla kr. 17.883.000 til fordeling innanfor desse områda:

- idrett og friluftsliv
- frivillig kulturliv
- profesjonelt kulturliv

Intensjonen med denne ordninga er å hjelpe m.a. idretten i den ekstraordinære situasjonen som har vore i 2020, og at den kan bidra til å halde oppe aktiviteten i Vestland i 2020 og 2021 på trass av dei avgrensingar som koronasituasjonen fører med seg.

Meir informasjon om ordninga finn ein via denne lenka:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/ekstraordinare-midlar-til-kultur-og-idrett-relatert-til-koronasituasjonen/>

Søknadsprosedyre:

Verksemder som har fått driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune i 2020 er prioriterte. Vestland idrettskrets er mellom desse, og dei legg opp til at søknader frå den enkelte særkrets/region vert sendt til idrettskretsen.

Idrettskretsen vil deretter koordinere søknadane og vidareformidle desse samla til Vestland fylkeskommune. Idrettskretsen vil på denne måten søke samla på vegne av idretten i fylket.

Søknadsfrist til fylkeskommunen er 1. november 2020. For å ha noko tid på samordning av søknadene frå særkretsar/regionar, ber idrettskretsen om å få søknader tilsendt seinast onsdag 28. oktober 2020.

Styret drøfta i møtet om det er aktuelt for skikrinsen å søke på ordninga og evt. kva tiltak ein då vil søke for.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at greinkomiteane tek ei runde internt på om det er tiltak/aktivitet som er aktuelt å søke på, og melder tilbake til adm. innan 22. oktober 2020.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 97 19-21

Tilskot frå Vestland idrettskrets

Bakgrunn

Skikrinsen mottok eit årleg tilskot frå Sogn og Fjordane idrettskrins t.o.m. 2019, der tilskotet dei seinare åra har ligge på ca. kr. 100 000 pr. år.

Etter samanslåing av idrettskretsane vedtok Idrettskretstinget 2020 ei ny fordeling av tilskot til særiddrettane i idrettskretsen.

Fordelingskriteria til idrettskretsen:

- 30% av tilskotet fordelast etter talet på særiddrettsgrupper med vektning.
- 70% av tilskotet fordelast etter talet på aktive 6-19 år med vektning.
- Sist godkjente samordna rapportering

Vestland idrettskrets har for 2020 tildelt særiddretten Ski kr. 106 422 og har bedt dei to skikretsane om å bli einig om ei fordeling.

Etter dialog mellom Hordaland Skikrets og Sogn og Fjordane Skikrins v/ leiar og adm. er ein einig om ei 50/50 deling.

Samordna rapportering 2019:

- Hordaland Skikrets– 2284 aktive medlemar 6-19 år, 60 skigrupper
- Sogn og Fjordane Skikrins – 2468 aktive medlemar 6-19 år, 47 skigrupper

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 98 19-21

Innvilga søknad kompensasjon frå krisepakken

Bakgrunn

15. september 2020 var fristen for å søke Lotteri- og stiftelsestilsynet om kompensasjon for frivillige organisasjonar som har betydelege inntektsbortfall frå arrangement eller anna spesifisert aktivitet som følgje av råd eller pålegg frå styresmaktene i samband med covid-19-utbrotet (krisepakke 2).

Sogn og Fjordane Skikrins søkte om kr. 55 250,- i kompensasjon for tapte inntekter av deltakaravgifter for planlagde skirenn etter 12. mars 2020 og ut sesongen 2019-2020, og har fått innvilga søknaden med ein kompensasjon på 70%.

Midlane vert fordelt til komiteane som aktuelle skirenn kjem under;

Alpinkomiteen: kr. 8 750,-
Langrennskomiteen: kr. 29 925,-

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Leiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 101 19-21 SFSK AK protokoll nr. 05 19-21

Alpinkomiteen@

Sakshand.: PAF/ IN

Dato: 19.08.2020

Arkivk.: ak/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 05 I ALPINKOMITEEN, 2019-2021

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Onsdag 19. august 2020, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 33 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

RAPPORTERING

SAK 34 19-21 Rekneskapsrapport pr. 07.08.2020

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 35 19-21 Samlingsplan haust/vinter 2020-2021

SAK 36 19-21 Status krinstrenarar og trenaravtalar

SAK 37 19-21 Terminliste 2020-2021

SAK 38 19-21 Handlingsplan 2019-2021

SAK 39 19-21 Saker til Haustmøtet 24. oktober 2020

SAK 40 19-21 Status markedsarbeid til komiteen

ORIENTERINGSSAKER

EVENTUELT

TIL STADES: Per Ashbjørn Felde, Roger Ellingsund, Magne Hofslundsengen, Peder Felde, Nina Munthe Olsen, Erik Solheim og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 33 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

RAPPORTERING

SAK 34 19-21

Rekneskapsrapport pr. 07.08.2020

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 07.08.2020 er lagt ved som eige vedlegg. Rapporten vart presentert i møtet.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 35 19-21

Samlingsplan haust/vinter 2020-2021

Bakgrunn

Førebels samlingsplan for sesongen 2020-2021 finn ein via denne lenka;
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/alpint/spv-samlingar/>

Komiteen må også planlegge barmarkssamlingar for hausten 2020.

I tillegg har Andrine Mårstøl, på oppdrag frå komiteen, laga til barmarkssopplegg som er publisert på eiga facebook-gruppe for barmark Sogn og Fjordane Skikrins.

Komiteen må også følgje tett oppdateringar av [NSFs koronaveileidar for kretsar og klubbar](#).

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at ein undersøker om barmarkssamlingar hausten 2020 kan leggast til Førde med Førde IL som ansvarleg.

Barmarkssamlingar vert gjennomført som dagssamling og utan treningsavgift. Alpinkomiteen dekkjer honorar til trenarar og evt. andre kostnader med samlingane.

Forslag til datoar:

- laurdag 12. september
- laurdag 10. oktober
- laurdag 24. oktober (Idrettens Møteplass)

Endeleg dato for skisamling på Juvass i haustferien vert avklart i månadskifte aug./sept.

SAK 36 19-21

Status krinstrenarar og trenaravtalar

Bakgrunn

Leiar og sportsleg ansvarleg i komiteen orienterte om status for trenarsituasjon og avtalar med krinstrenarar.

Gjeldande arbeidsavtalar er basert på vedtak i sak 14 17-19;

Alpinkomiteen gjer vedtak om at aktuelle krinstrenarar får tilbod om oppdragsbaserte arbeidsavtalar i 2018.

Økonomisk nivå i arbeidsavtalane skal vere innanfor dei økonomiske budsjettammene til komiteen i 2018.

Ein legg vidare opp til at det skal vere eit differensiert lønsnivå i avtalane basert på dei ulike trenarane sin kompetanse, trenarerfaring etc. I tillegg vil hovudtrenar få ekstra godtgjersle for arbeidet knytt til organisering og planlegging.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at leiar forhandlar avtale med aktuelle trenarar.

SAK 37 19-21

Terminliste 2020-2021

Bakgrunn

Komiteen diskuterte rammer for terminlista kommande sesong;

- KM SSL og SL gjennomført på ein dag, Nordfjord
- Fleire renndagar med 2 renn
- Avhengig av at klubbane hjelper kvarandre på krinsrenn
- Hafslo IL har ynskje om å arrangere krinsrenn
- Kvalik.renn i samarbeid med Hordaland?
- Fjord1 YAV i kvar region

VEDTAK

På bakgrunn av diskusjonane i møtet utarbeider terminlisteansvarleg eit utkast til Terminliste 2020-2021 som vert sendt ut til komiteen for innspel.

Framlegg til terminliste vert lagt fram på Haustmøtet 24. oktober 2020.

SAK 38 19-21

Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2019-2021 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2019.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta alpinkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

SAK 39 19-21

Saker til Haustmøtet 24. oktober 2020

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2020 skal avviklast 24. oktober i Førde på Idrettens Møteplass.

Rammeprogram:

Kl. 10.00	Fellesforedrag
Kl. 12.00	Lunsj
Kl. 13.00-16.00	Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins; - fellesdel kl. 13.00-13.45 - greinvisse møte kl. 13.45-16.00 - alpint - hopp og kombinert - langrenn

Parallelt med Idrettens Møteplass vert det avvikla ei treningssamling for utøvarar i aldersgruppa 12-19 år med basisøker på tvers av idrettar.

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om følgjande sakliste til Haustmøtet 24. oktober 2020:

- 1) Orientering frå Haustmøtet i NSF
- 2) Samlingsplan 2020-2021
- 3) Terminlista 2020-2021
- 4) Foreldrekurs/ trenarkurs
- 5) Rekruttering
- 6) Økonomi/ marked

SAK 40 19-21

Status markedsarbeid til komiteen

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins - alpint sitt markedsarbeid.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
COOP Nordvest SA	Alpint/ langrenn	2020	Avtale går til t.o.m. 2020. Forlenging av avtale skal avtalast innan utgangen av september 2020.
Fjord1	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021. Forlenging av avtale skal avtalast innan februar 2021.
Sparebanken Vest	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021. Forlenging av avtale skal vere slutført innan 30.09.2021.
Bilhuset Førde	Alpint	2021	Avtale går til 31.08.2021. Forlenging av avtale skal avtalast innan utgangen av mai 2021.
Intersport Sogndal	Alpint	2021	Avtale går til 01.06.2021.

VEDTAK

Komiteen tek saka til orientering.

ORIENTERINGSSAKER



.....
SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS
.....

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Per Asbjørn Felde (s)
Leiar AK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef



Vedlegg SAK 102 19-21 SFSK AK referat Haustmøtet 2020

Referat Haustmøte Alpint, Førde 24.10.2020

Til stades: Per Asbjørn Felde, Breimsbygda IL
Fabian Bergquist, Jølster IL
Magne Hofslundsengen, Sogndal IL
Peder Felde, Haugen IL
Tonje Norheim Tangerud, Sogn og Fjordane Skikrins
Erik Solheim, Førde IL
Signe Marie Hauge, Førde IL
Vidar Taklo, Jølster IL

SAK 1: Godkjenning og innkalling og saksliste

Vedtak: Godkjent

SAK 2: Val av referent

Tonje Norheim Tangerud er foreslått.

Vedtak: Godkjent

SAK 3: Orientering frå Haustmøte i NSF

Forslag til å spele inn at dei delar inn i kretsar i staden for U14 og U16 på fart i Kvittfjell.

Vedtak: Saka teke til vitande

SAK 4: Samlingsplan 2020-2021 v/ Peder Felde

Det er lagt opp til ein del reising før jul, men blir det snø heime så blir planen endra til å vere i Sogn og Fjordane.

Vedtak: Saka teke til vitande



SAK 5: Terminlista 2020-2021 v/ Magne Hofslundsengen og Erik Solheim

Vedtak: Saka teke til vitande

SAK 6: Foreldrekurs/ trenarkurs

Gode kurs som ein ynskjer å nytte.

Vedtak: Saka teke til vitande

SAK 7: Rekruttering

Sak 6 og 7 gjekk litt i kvarandre. Hovudmålet er å skape rekrutterande aktivitetar i anlegga som er effektive både økonomisk og ressursar. Tonje informerte om aktivitetar som ho har erfaring med og kan reise rundt å vise.

Klubbar spelar inn ynskje til kretsen for besøk frå Tonje Norheim Tangerud.

Vedtak: Saka teke til vitande

SAK 8: Økonomi/ marked

Sjå vedlegg.

Vedtak: Saka teke til vitande

EVENTUELT

Ref.

Tonje Norheim Tangerud

Vedlegg SAK 103 19-21 SFSK LK protokoll nr. 05 19-21

Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ IN

Dato: 22.09.2020

Arkivk.: lk/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 05 I LANGRENNSKOMITEEN, 2019-2021

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)
Tidspunkt: Måndag 21. september 2020, kl. 17.30-20.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 34 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 35 19-21 Terminliste 2020-2021
SAK 36 19-21 Breiddesamlingar 12-16 år
SAK 37 19-21 Krinslaga i langrenn 2020-2021
SAK 38 19-21 Nasjonale renn og meisterskap 2020-2021
SAK 39 19-21 Rekrutteringsarbeid
SAK 40 19-21 Handlingsplan 2019-2021
SAK 41 19-21 Sakliste Haustmøtet, 24. oktober 2020

RAPPORTERING

SAK 42 19-21 Rekneskapsrapport pr. 26.08.2020

ORIENTERINGSSAKER

SAK 43 19-21 Orientering om markedsarbeid i langrennskomiteen
SAK 44 19-21 Regionlag Vest

EVENTUELT

TIL STADES: Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Adrian Helgheim, Roger Aa Djupvik og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL: Anne Lilleaasen

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 34 19-21

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 35 19-21

Terminliste 2020-2021

Bakgrunn

Rammene for terminlista 2020-2021 vart lagt fram og diskutert i samband med skikrinsen sitt digitale Vårmøte.

Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga, med svarfrist 15. september 2020.

Høyringsframlegg til Terminliste Langrenn 2020-2021 finn ein vedlagt.

Pr. 15. september er det komme følgjande innspel til terminlista:

1) **Førde IL:**

SSF Cup Hodlekverrennet som er terminfesta 14. mars 2020 bør flyttast til ei anna helg.

Bakgrunnen er at ein ser det som uheldig at nemnde arrangement skal avviklast dagen etter Kalsetrennet/ KM lang (terminfesta 13. mars 2020), ettersom dette truleg vil påverke deltakartalet på Kalsetrennet negativt.

Det kan vere eit alternativ å flytte SSF Cup Hodlekverrennet til 09. el. 10. januar, og vidare fordele SSFkarusell på Hafslø og Jølster til andre ledige tidspunkt.

2) **IL Bjørn v/ Knut Kjærvik:**

Bjønstarten 6. desember er som planlagt dato hos oss, i tilfelle dårlege snøforhold/lite snø vil det vere aktuelt å utsetje 1 veke. Me får håpe vinteren kjem tidlegare enn i fjor....

Forstår det slik at rennet er sett opp i klassisk stil? I våre treningsgrupper er det fokus på lek/basistrening frå 7-10 år. Denne gruppa har ofte ikkje anna enn skøyteski og eg vil tru at om rennet hadde vore sett opp som friteknikk hadde det potensielt vore langt fleire deltakarar. Er dette ein moglegheit? Kva er retningslinjene frå krinsen her?

3) **Fjellhug/Vereide IL v/ Astrid F. Hauge:**

Fj/V ynskjer at vi kan få arrangere på søndagen i staden for laurdag, då det er lettare å få med folk.

Siste åra har Kleivanerennet gått same helga som KM i fotball på Sandane, dette gjer det vanskeleg å få med folk, då mange er foreldre til fotballspelarar, og må vere med i hallen. Håpar de kan sjekke det med fotballen, og at det ikkje er same helga i 2021 og.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

Vedtak 1)

SSF Cup Hodlekverrennet vert flytta frå 14. mars 2021 til 10. januar 2021 og endra frå friteknikk til klassisk teknikk. SSF Cup Klepparennet 16. januar vert endra frå klassisk teknikk til friteknikk.

Vidare vert SSFkarusell Hafslø IL og SSFkarusell Jølster IL flytta frå 10. januar 2021 til 7. februar 2021.

Vedtak 2)

Bjønnastarten 6. desember 2020 vert endra frå klassisk teknikk til friteknikk, og krinsrennet i Sogndal 20. desember 2020 vert endra frå friteknikk til klassisk teknikk.

Vedtak 3)

SSF Cup Kleivanerrennet vert flytta frå laurdag 23. januar 2021 til søndag 24. januar 2021.

SAK 36 19-21

Breiddesamlingar 12-16 år

Bakgrunn

Av breiddesamlingar i 2020 er desse gjennomført;

- Miljøsamling Ullsheim 29. august, ca. 40 deltakarar f. 2005-2009. I samarbeid med Markane IL og med Sjur Ole Svarstad som hovudtrenar. Skikrinsen stilte med trenarar.

Sognefjellet Sommarskiskule, som var planlagt 22.-26. juni 2020, vart avlyst grunna smittesituasjonen med covid-19.

Vidare er desse «faste» breiddesamlingar (der Sogn og Fjordane Skikrins er samarbeidspart);

- Miljøsamling på Langeland 27. september 2020 v/ Førde IL og Gaular IL (aldersgruppe 2005-2009);
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2020/9/miljosamling-langeland/>
- Enivest Skiskule i Førde v/ Førde IL og Gjørøan Tefre i perioden 8.-11. oktober 2020 (aldersgruppe 2005-2009);
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2020/9/enivest-skiskule-2020/>
- «Treningssamling på tvers» (12-19 år) på Idrettens Møteplass, Førde 24. oktober 2020;
<https://www.idrettsforbundet.no/idrettskrets/vestland/kurs/idrettens-moteplass-treningssamling-for-ungdom/>
- Jentesamling Ullsheim januar

Breiddesamlingane vert gjennomførast i tråd med gjeldande retningslinjer for smittevern og [koronarettleiar frå Norges Skiforbund](#).

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om gjennomføring av breiddesamlingar;

- Miljøsamling i Sogn haust/vinter 2020-2021.
Komiteen undersøker med klubbmiljøa i Sogn om det er interesse for å legge til rette for ei miljøsamling (dagssamling) i vinter, alt. i haust (november).
Tor Arne følgjer opp.
- Jentesamling på Ullsheim i samband med Ullsrenna i januar.
Adm. følgjer opp.

SAK 37 19-21

Krinslaga i langrenn 2020-2021

Bakgrunn

Krinslaget i langrenn 2020-2021 består av til saman 44 utøvarar.

30 utøvarar er knytt til det ordinære krinslaget, der 2 løparar har «vinterpakke». Nokre av desse deltek på enkeltsamlingar etter avtale.

Impulslaget (f. 2005) består av 11 utøvarar.

Trenarar 2020-2021

Hovudtrenar: Simen Bækken og Roger Øye Pollen

Andre trenarar som vert nytta på samlingar:

- Elise Skeide Bakke
- Eivind Øygard

Krinslagskontingent 2020-2021 (justert for færre samlingar pga. covid-19)

- Impulslag (2005): Kr. 4 000,-
- Junior (2003-2004): Kr. 9 000,-
- Eldre Junior (2001-2002): Kr. 10 000,-
- Senior (2000-): Kr. 11 000,-
(inkl. opne samlingar med regionlag)

For utøvarar som ikkje ynskjer å delta på samlingsopplegget, men som har planar om å delta på nasjonale arrangement kommande vinter kan ein ta del i skikrinsen sitt fellesopplegg vinterstid ved å «kjøpe» ein «vinterpakke»:

- «vinterpakke» junior/senior, kr. 6 500,- (inkl. krinslagsklede)

Ved å gjere seg nytte av denne «pakken» vil ein få eit tilrettelagt opplegg ifbm. nasjonale renn og meisterskap knytt til smøring av ski og logistikk.

Ver merksam på at krinslagsbekledninga er inkludert i kontingenten for «vinterpakkane».

For utøvarar med «vinterpakke» og som ynskjer å delta på nokre avtalte samlingar betalar ein kr. 200,- pr. samlingsdag i tillegg til kostnad med overnatting (jf. vedtak i Sak 32 17-19).

Samlingsplan 2020-2021

Fokus	Stad	Dato	Senior/ Eldre Jr.	Junior	Impuls
Barmark	Førde	1.-5. juli	X	X	X
Barmark	Markane	13.-16. august	X	X	
Barmark	Sogndal	10.-13. september	X	X	X
Barmark	Hemsedal	23.-27. september	X	X	
Barmark	Førde	7.-11. oktober	X	X	
Ski	Beitostølen	11.-15. november	X	X	X
Ski	Gålå	25.-29. november	X		

For seniorutøvarane vert det også lagt til rette for samlingar saman med Regionlag Vest.

Vidare er samlinga i Markane gjennomført saman med Møre og Romsdal Skikrets og Landslinja i skiskyting ved Stryn vgs.

Smittevern

Krinssamlingane vert gjennomførast i tråd med gjeldande retningslinjer for smittevern og [koronarettleiar frå Norges Skiforbund](#).

LK v/ leiar og sportsleg ansvarleg har, i samråd med adm., følgt opp retningslinjene tett med utøvarane og trenarane. I tillegg vert det gjort kontinuerleg vurdering for gjennomføring av samlingane.

Leiar og sportsleg ansvarleg orienterte i møtet om gjennomførte samlingar og status for krinslaget.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp diskusjonar i møtet knytt til reglar og retningslinjer for krinslaget.

- Leiar sender ut informasjon til løparar og føresette på krinslaget med presisering av reglar og retningslinjer på krinssamlingar, og konsekvensar ved brot av desse.
- Leiar og sportsleg ansvarleg tek eit felles møte med trenarane før neste samling for å diskutere oppfølging av denne informasjonen.

SAK 38 19-21

Nasjonale renn og meisterskap 2020-2021

Bakgrunn

Terminlista for nasjonale renn og meisterskap 2020-2021 er p.t. ikkje klar grunna usikkerheit rundt avvikling av større arrangement med smittevern og covid-19.

Norges Skiforbund Langrenn gjennomførte 31.08.2020 møte med LK-leiarar og adm. i krets for å drøfte ulike senario for gjennomføring av nasjonale renn og meisterskap kommande sesong.

Presentasjon og referat frå møtet er lagt ved som eigne vedlegg.

Terminlista vert også drøfta på NSF Langrenn sitt digitale haustmøte 13. oktober 2020.

I det vidare arbeidet med nasjonale renn og meisterskap (når terminliste er klar) skal komiteen avklare kven som skal vere hovudleiar og støtteapparat på dei ulike arrangementa.

I tillegg følgjer adm. opp logistikk med overnatting til dei ulike arrangementa når informasjon ligg føre.

VEDTAK

Langrennskomiteen utset saka til neste møte i komiteen.

SAK 39 19-21

Rekrutteringsarbeid

Etter omorganisering av fellesadministrasjonen i Norges Skiforbund i 2019, der Utviklingsavdelinga vart lagt ned, er all ansvar for breidde- og rekrutteringsarbeid frå sentralt i NSF lagt til grein f.o.m. 01.01.2020.

Skistyret vedtok i februar 2020 at fordeling av post 3 midlar (frigjort etter nedlegging av Utviklingsavdelinga) skulle fordelast med kr. 1,2 mill. til grein og kr. 800 000 til tiltak i krets fordelt gjennom grein.

Post 3 midlar skal nyttast til aktivitetstiltak for barn, ungdom og breiddeidrett.

Norges Skiforbund Langrenn har lyst ut aktivitetsmidlar (post 3-midlar) til gode lokale tiltak/ aktivitetar i klubbar og nærmiljø;
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/?npid=105437&page=S%C3%B8k+om+lokale+midler+i+langrenn>

Søknadsfrist var 15. september 2020 med rapportering 15. november 2020.

I møte i Skikrinsstyret 7. september 2020 drøfta styret tema rekrutteringsarbeid, og gjorde følgjande vedtak i sak 82 19-21:

Skikrinsstyret gjer vedtak om at greinkomiteane diskutere rekrutteringsarbeid i sitt neste komitémøte, tek opp tema (evt. spelar det inn som sak) på NSF sine greinvise haustmøte/fagmøte, og set det opp som eiga sak på skikrinsen sitt haustmøte 24. oktober.

I tillegg har AU og greinkomiteane rekrutteringstiltak i handlingsplanen som også vert følgt opp.

Komiteen drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen utset saka til neste møte i komiteen.

SAK 40 19-21

Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2019-2021 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2019.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta langrennskomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen utsett saka til neste møte i komiteen.

SAK 41 19-21

Sakliste Haustmøtet, 24. oktober 2020

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2020 skal avviklast 24. oktober i Førde på Idrettens Møteplass;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2020/9/haustmotet-2020/>

Rammeprogram:

Kl. 10.00	Fellesforedrag
Kl. 12.00	Lunsj
Kl. 13.00-16.00	Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins;
	- fellesdel
	- greinvisе møte
	- alpint
	- hopp og kombinert
	- langrenn

VEDTAK

Langrennskomiteen utset saka til neste møte i komiteen.

RAPPORTERING

SAK 42 19-21

Rekneskapsrapport pr. 26.08.2020

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 26.08.2020 er lagt ved som eige vedlegg. Rapporten vart presentert i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen utset saka til neste møte i komiteen.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 43 19-21

Orientering om markedsarbeid i langrennskomiteen

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins - langrenn sitt markedsarbeid.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Sparebanken Sogn og Fjordane	Langrenn	2020	Avtale går til t.o.m. 2020. Reforhandling er sett i gong.
Intersport Førde/	Langrenn	2021	Avtale går til t.o.m. 31.05.2021.

Erdal Sport AS			
SFE	Hopp/ langrenn	2022	Avtale går til 30.04.2022.
COOP Nordvest SA	Alpint/ langrenn	2020	Avtale går til t.o.m. 2020. Reforhandling skal setjast i gong.

Skikrinsstyret gjorde følgjande vedtak om ansvarsdeling i Sak 12 19-21:
- Sparebanken Sogn og Fjordane, ansv.: Adm. + LK

Skikrinsstyret gjorde følgjande vedtak om ansvarsdeling i Sak 87 19-21:
- Coop Nordvest SA, ansv.: Adm. + styreleiar

VEDTAK

Langrennskomiteen utset saka til neste møte i komiteen.

SAK 44 19-21

Regionlag Vest

Bakgrunn

LK-leiar informerer m.a. om:

- sportsleg status
- økonomisk status

VEDTAK

Langrennskomiteen utset saka til neste møte i komiteen.

EVENTUELT

Neste møte i komiteen;

Tysdag 29. september 2020, kl. 20.00 (Teams-møte)

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 104 19-21 SFSK LK protokoll nr. 06 19-21

Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ IN

Dato: 05.10.2020

Arkivk.: lk/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 06 I LANGRENNSKOMITEEN, 2019-2021

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)
Tidspunkt: Måndag 5. oktober 2020, kl. 20.00-22.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 46 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 47 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 05 19-21 frå langrennskomiteen

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 48 19-21 Status krinslaget i langrenn
SAK 49 19-21 Nasjonale renn og meisterskap 2020-2021
SAK 50 19-21 Rekrutteringsarbeid
SAK 51 19-21 Handlingsplan 2019-2021
SAK 52 19-21 Sakliste Haustmøtet, 24. oktober 2020

RAPPORTERING

SAK 53 19-21 Rekneskapsrapport pr. 30.09.2020

ORIENTERINGSSAKER

SAK 54 19-21 Orientering om markedsarbeid i langrennskomiteen
SAK 55 19-21 Regionlag Vest

EVENTUELT

TIL STADES: Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Roger Aa Djupvik og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL: Adrian Helgheim, Anne Lilleaasen

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 46 19-21

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 47 19-21

Godkjenning av protokoll nr. 05 19-21 frå langrennskomiteen

Bakgrunn

Protokoll nr. 05 19-21 frå langrennskomiteen er sendt ut tidlegare for godkjenning. Denne finn ein også vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 05 19-21.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 48 19-21

Status krinslaget i langrenn

Bakgrunn

Langrennskomiteen gjorde følgjande vedtak i sak 37 19-21:

Langrennskomiteen gjer vedtak om å følgje opp diskusjonar i møtet knytt til reglar og retningslinjer for krinslaget.

- *Leiar sender ut informasjon til løparar og føresette på krinslaget med presisering av reglar og retningslinjer på krinssamlingar, og konsekvensar ved brot av desse.*
- *Leiar og sportsleg ansvarleg tek eit felles møte med trenarane før neste samling for å diskutere oppfølging av denne informasjonen.*

Informasjonsskriv til løparar og føresette på krinslaget er lagt ved som eige vedlegg.

Leiar og sportsleg ansvarleg orienterte i møtet om gjennomført samling og status for krinslaget.

Adm. har fått innspel frå krinstrenarar om å få dekke kostnader med samlingar og om vurdering av honorar. Leiar og adm. la fram saka i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering og gjer vidare vedtak om at leiar gir tilbakemelding på førespurnad frå krinstrenarar. I tillegg tek komiteen med seg innspela inn i evaluering av krinslaget etter sesongen.

SAK 49 19-21

Nasjonale renn og meisterskap 2020-2021

Bakgrunn

Terminlista for nasjonale renn og meisterskap 2020-2021 er p.t. ikkje klar grunna usikkerheit rundt avvikling av større arrangement med smittevern og covid-19.

Norges Skiforbund Langrenn gjennomførte 31.08.2020 møte med LK-leiarar og adm. i krets for å drøfte ulike senario for gjennomføring av nasjonale renn og meisterskap kommande sesong.
Presentasjon og referat frå møtet er lagt ved som eigne vedlegg.

Terminlista vert også drøfta på NSF Langrenn sitt digitale haustmøte 13. oktober 2020.

I det vidare arbeidet med nasjonale renn og meisterskap (når terminliste er klar) skal komiteen avklare kven som skal vere hovudleiar og støtteapparat på dei ulike arrangementa.

I tillegg følgjer adm. opp logistikk med overnatting til dei ulike arrangementa når informasjon ligg føre.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å ta opp igjen saka i neste møte i komiteen.

SAK 50 19-21

Rekrutteringsarbeid

Bakgrunn

Etter omorganisering av fellesadministrasjonen i Norges Skiforbund i 2019, der Utviklingsavdelinga vart lagt ned, er all ansvar for breidde- og rekrutteringsarbeid frå sentralt i NSF lagt til grein f.o.m. 01.01.2020.

Skistyret vedtok i februar 2020 at fordeling av post 3 midlar (frigjort etter nedlegging av Utviklingsavdelinga) skulle fordelast med kr. 1,2 mill. til grein og kr. 800 000 til tiltak i krets fordelt gjennom grein.

Post 3 midlar skal nyttast til aktivitetstiltak for barn, ungdom og breiddeidrett.

Norges Skiforbund Langrenn har lyst ut aktivitetsmidlar (post 3-midlar) til gode lokale tiltak/ aktivitetar i klubbar og nærmiljø;
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/?npid=105437&page=S%C3%B8k+om+lokale+midler+i+langrenn>

Søknadsfrist var 15. september 2020 med rapportering 15. november 2020.

Ein klubb frå Sogn og Fjordane (Eid IL) har søkt på midlar, og skikrinsen har innstilt denne søknaden til NSF Langrenn.

I møte i Skikrinsstyret 7. september 2020 drøfta styret tema rekrutteringsarbeid, og gjorde følgjande vedtak i sak 82 19-21:

Skikrinsstyret gjer vedtak om at greinkomiteane diskutere rekrutteringsarbeid i sitt neste komitémøte, tek opp tema (evt. spelar det inn som sak) på NSF sine greinwise haustmøte/fagmøte, og set det opp som eiga sak på skikrinsen sitt haustmøte 24. oktober.

I tillegg har AU og greinkomiteane rekrutteringstiltak i handlingsplanen som også vert følgt opp.

Komiteen drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å ta saka opp på skikrinsen sitt haustmøte for å få innspel frå klubbane om behov og utfordringar, og korleis skikrinsen/NSF kan stimulere klubbane i rekrutteringsarbeidet.

I tillegg sender adm. ut saksliste for haustmøtet på førehand til klubbane, der ein oppmodar dei spesielt til å drøfte denne saka på førehand.

SAK 51 19-21

Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2019-2021 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2019.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta langrennskomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

SAK 52 19-21

Sakliste Haustmøtet, 24. oktober 2020

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2020 skal avviklast 24. oktober i Førde på Idrettens Møteplass;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2020/9/haustmotet-2020/>

Rammeprogram:

Kl. 10.00	Fellesforedrag
Kl. 12.00	Lunsj
Kl. 13.00-16.00	Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins; - fellesdel - greinvis møte - alpint - hopp og kombinert - langrenn

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om følgjande sakliste til Haustmøtet 24. oktober 2020:

- 1) Orientering frå Haustmøtet i NSF v/ Tor Arne
- 2) Terminlista 2020-2021 v/ Adrian
- 3) Fellesopplegg ifbm. nasjonale renn og meisterskap 2020-2021 v/ Tor Arne

- 4) Rekrutteringsarbeid i klubbane v/ Laila
- 5) Breiddesamlingar v/ Laila
- 6) Krinslaget 2020-2021 v/ Tor Arne
- 7) Team Vest v/ Tor Arne
- 8) Økonomi/ marked v/ Tor Arne

RAPPORTERING

SAK 53 19-21

Rekneskapsrapport pr. 30.09.2020

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 30.09.2020 er lagt ved som eige vedlegg. Rapporten vart presentert i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 54 19-21

Orientering om markedsarbeid i langrennskomiteen

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins - langrenn sitt markedsarbeid.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	2020	Avtale går til t.o.m. 2020. Reforhandling er sett i gong.
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2021	Avtale går til t.o.m. 31.05.2021.
SFE	Hopp/ langrenn	2022	Avtale går til 30.04.2022.
COOP Nordvest SA	Alpint/ langrenn	2020	Avtale går til t.o.m. 2020. Reforhandling skal setjast i gong.

Skikrinsstyret gjorde følgjande vedtak om ansvarsdeling i Sak 12 19-21:
- Sparebanken Sogn og Fjordane, ansv.: Adm. + LK

Skikrinsstyret gjorde følgjande vedtak om ansvarsdeling i Sak 87 19-21:
- Coop Nordvest SA, ansv.: Adm. + styreleiar

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

SAK 55 19-21

Regionlag Vest

Bakgrunn

LK-leiar informerer m.a. om:

- sportsleg status
- økonomisk status

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

EVENTUELT

Neste møte i komiteen;

Tysdag 20. oktober kl. 20.00



Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 105 19-21 SFSK LK protokoll nr. 07 19-21

Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ IN

Dato: 20.10.2020

Arkivk.: lk/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 07 I LANGRENNSKOMITEEN, 2019-2021

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)
Tidspunkt: Tysdag 20. oktober 2020, kl. 20.00-22.15

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 56 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 57 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 06 19-21 frå langrennskomiteen

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 58 19-21 Haustmøtet Norges Skiforbund 2020
SAK 59 19-21 Haustmøtet, 24. oktober 2020
SAK 60 19-21 Ekstraordinære midlar frå Vestland fylkeskommune

ORIENTERINGSSAKER

SAK 61 19-21 Status krinslaget langrenn

EVENTUELT

TIL STADES: Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Adrian Helgheim, Roger Aa Djupvik, Anne Lilleaasen og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 56 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 57 19-21

Godkjenning av protokoll nr. 06 19-21 frå langrennskomiteen Bakgrunn

Protokoll nr. 06 19-21 frå langrennskomiteen er sendt ut tidlegare for godkjenning. Denne finn ein også vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 06 19-21.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 58 19-21

Haustmøtet Norges Skiforbund 2020

Bakgrunn

Norges Skiforbund Langrenn gjennomførte sitt haustmøte (fagmøte) digitalt 13. oktober 2020. Leiar og adm. deltok i møtet.

Møtedokument vert publisert på skiforbundet sine nettsider;

<https://www.skiforbundet.no/langrenn/kontakt/motedokumenter/hostmote-2020-teams/>

Her vart det m.a. informert om at norgescup junior og hovudlandsrennet utgår i 2021, og junior-NM 2021 vert avvikla over to helgar med kvoteavgrensingar (intensjon ca. 400 løparar pr. helg). Dato er ikkje avklart enno.

Meir informasjon om saka på skiforbundet sine nettsider;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/?npid=110218&page=Samfunnsansvar+gir+endring+i+sesongplanene>

I tillegg er det usikkert korleis Ungdommens Holmenkollrenn (13-14 år) er tenkt avvikla. Ei avgjersle her vert opp til arrangør.

I etterkant av haustmøtet til NSF Langrenn:

- Kretsadm. i NSF har komme med eit forslag fremma for at alle får delta på NM junior i langrenn i 2021, der ein ber om uttale frå kvar krets/LK. Forslaget var sendt ut i framkant av møtet og komiteen gjekk igjennom forslaget i møtet.
- LK-leiar har utarbeida eit notat om eit evt. samarbeid om junior cup regionalt sesongen 2020-2021 med bakgrunn i avlysing av norgescup junior kommande sesongen. Notatet er også sendt aktuelle skikretsar for tilbakemelding. Notatet vart sendt ut i framkant av møtet og komiteen drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering og gjer vidare følgjande vedtak:

- Langrennskomiteen støttar forslag som er fremma for at alle får delta på NM junior i langrenn. Det er viktig for motivasjonen til juniorløparane og for å hindre fråfall i junioralder.

Det er viktig at arrangementa vert gjennomført innanfor gjeldande retningslinjer og under mest mogleg rettferdige forhold for løparar i same klasse.

- Langrennskomiteen er positiv til å arbeide vidare med ein junior cup regionalt sesongen 2020-2021, der ein også inkluderer løparar i alderen 15-16 år i min. eitt arrangement. Forslaget vert presentert på haustmøtet 24. oktober.

SAK 59 19-21

Sakliste Haustmøtet, 24. oktober 2020

Bakgrunn

Langrennskomiteen gjorde i sak 52 19-21 vedtak om følgjande sakliste til Haustmøtet 24. oktober 2020:

- 1) Orientering frå Haustmøtet i NSF v/ Tor Arne
- 2) Terminlista 2020-2021 v/ Adrian
- 3) Fellesopplegg ifbm. nasjonale renn og meisterskap 2020-2021 v/ Tor Arne
- 4) Rekrutteringsarbeid i klubbane v/ Laila
- 5) Breiddesamlingar v/ Laila
- 6) Krinslaget 2020-2021 v/ Tor Arne
- 7) Team Vest v/ Tor Arne
- 8) Økonomi/ marked v/ Tor Arne

Informasjon er oppdatert på skikrinsen sine nettsider;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2020/9/haustmotet-2020/>

I tillegg har adm. sendt ut saksliste for haustmøtet på førehand til klubbane, der ein oppmodar dei spesielt til å drøfte på førehand sak 04 *Rekrutteringsarbeid i klubbane*.

Komiteen har fått tilsendt framlegg til presentasjon til haustmøtet frå adm. Presentasjonen er lagt ved som eige vedlegg.

Innspel frå Markane IL til utkast Terminliste 2020-2021:

- Markane IL kan ikkje arrangere Ullsrenna 2.-3. januar 2021. Dei har norgescup i skiskyting helga etter og har ikkje kapasitet til å ta på seg renn helga før. Dei ynskjer flytte rennet til nokre helgar seinare om det let seg gjere.

Komiteen gjekk i møtet igjennom saklista til haustmøtet for evt. avklaringar.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer følgjande vedtak:

- Leiar og adm. følgjer opp Førde IL og Markane IL for evt. bytte av rennhelgar for Ullsrennet og SSF Cup Finale i Terminlista 2020-2021.
- Adm. sender ut oppdatert presentasjon for haustmøtet etter diskusjonar i møtet.

SAK 60 19-21

Ekstraordinære midlar frå Vestland fylkeskommune

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune har lyst ut ei ny tilskotsordning med ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet som er råka av koronasituasjonen.

Intensjonen med denne ordninga er å hjelpe m.a. idretten i den ekstraordinære situasjonen som har vore i 2020, og at den kan bidra til å halde oppe aktiviteten i Vestland i 2020 og 2021 på trass av dei avgrensingar som koronasituasjonen fører med seg.

Les meir om ordninga her:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/ekstraordinare-midlar-til-kultur-og-idrett-relatert-til-koronasituasjonen/>

Saka vart handsame i Skikrinsstyret måndag 12.10.2020 der ein ba greinkomiteane ta ein runde internt i sine komitear på om ein har tiltak på aktivitet ein kan søke på, og spele dette inn til adm. innan 22.10.2020.

Skikrinsen må søke via Vestland idrettskrets og adm. vil samanfatte ein samla søknad for komiteane.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å at følgjande tiltak kan vere aktuelle:

- Breiddesamlingar
- Sonesamlingar
- Skirenn? Regionale skirenn?
- Klubbesøk
- Evt. andre behov som kjem fram på haustmøtet til skikrinsen

ORIENTERINGSSAKER

SAK 61 19-21

Status krinslaget langrenn

Bakgrunn

Krinslaget i langrenn gjennomførte samling i Førde 7.-11. oktober 2020, og skal ha si neste samling på Beitostølen 11.-15. november 2020.

Leiar og sportsleg ansvarleg orienterte i møtet om gjennomført samling og status for krinslaget.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 106 19-21 SFSK LK referat Haustmøtet 2020
--

Referat Haustmøte Langrenn, Førde 24.10.2020

Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste v/ Tor Arne Hov

Sak 02) Val av referent: Anne Lilleaasen

Sak 03) Orientering frå Haustmøtet i NSF v/ Tor Arne Hov

- Tilbakemelding om det som rører seg og føringar for terminliste.
- Presentasjonane frå Haustmøte ligg på Skiforbundet sin nettside;
<https://www.skiforbundet.no/langrenn/kontakt/motedokumenter/hostmote-2020-teams/>
- Ein del samlingar for elitelaga som ikkje er gjennomført grunna COVID-19. Kuttet alt av utanlandsaktivitet i år.
- Skiforbundet hatt en vanskeleg økonomisk situasjon og har gjort nokre grep og har no kontroll på økonomien. Det har vore permisjonar og ein har fått inn sponsorar for å halde aktiviteten oppe som Team Elon Vest.
Langrennssportens venner var sentrale i vår og brukte eigenkapital på å sponse regionlaga.
- Info frå FIS; World cup blir gjennomført som vanleg, FIS sitt fluorforbod som vart vedtatt er utsett i eit år.
- Arrangement og COVID-19: Arrangement skal gå som «normalt» Maksimalt 600 samtidig fordelt på 3 kohortar med 200 personar. Avgrensing inkluderer ikkje arrangør (NRK og mannskap er definert som arrangør og tel ikkje som ein kohort). Kan ikkje byte mellom kohortar.
- Det er laga ein mal for langrennsarrangement og det kjem ein nasjonal rettleiar snart.

Sak 04) Fellesopplegg ifbm. nasjonale renn og meisterskap 2020-2021 v/ Tor Arne Hov

Sesongopning på Beitostølen går som planlagt, men med deltakarbegrensingar og utan løparar for junior og para. Avgrensing også for dei andre nasjonale renna. Støtteapparat og tilskodarar må melde seg på for å få oversikt over tal personar grunna avgrensingar.

NM for junior; må legge til rette for at alle får gå, fordelt på to helgar og delast i tre kohortar. Siste helg i februar for jenter og fyrste helg i mars for gutar.

Regional cup som erstatning for NC for junior. Hordaland og Sogn og Fjordane er ca. 40 løparar. Med Agder og Rogaland og Telemark og Vestfold ca. 80 løparar.

Må jobbe fram eit opplegg (Sør-Vest cup) med regionale renn for juniorløparar og 15/16 år, eventuelt på Voss (mest aktuelt grunna reisetid) og/eller Hovden.

Sak 05) Terminlista 2020-2021 v/ Tor Arne Hov

- Rammer for terminlista vart lagt fram i samband med Vår møtet, 10.06.2020
- Utkast til terminliste har vore til høyring i laga med svarfrist 15.09.2020
- Terminlista handsama i langrennskomiteen, 21.09.2020
- Framlegg til terminliste til Haustmøtet vart sendt laga pr. e-post 06.10.2020 og publisert på skikrinsen sine nettsider
- Vedteken med endringar på haustmøtet, 24.10.2020, Førde IL og Gaular IL arrangerer SSF Cup på Langeland 3. januar 2021. LK må sjå på lista i forhold til regionale renn for juniorar og gjere endeleg vedtak.
- Sjå eiga excel-fil

Vedtak: Terminlisteframlegg 5 ble vedtatt med endring arrangør SSF Cup 3. januar til Førde/Gaular.

Sak 06) Rekrutteringsarbeid i klubbane v/ Laila Bosdal-Thorsen

Klubbane treng støtte/ressursar til:

- Foreldrekurs
- lågterskel tilbod smørekurs og skikurs for foreldre
- arrangere skitrenerkurs lokalt
- temakveld

Stor utfordring å rekrutterer trenarar, bruke ungdommar og betale lønn

Foreldredugnadslister

Ha fleire anlegg med snøproduksjon og som kan ta vare på snøen som kjem

Tilrettelegge og preparerer løyper og skileikanlegg

Tilgang på rullleski, ski og anna aktuelt utstyr

Møteplassar, gapahuk o.l. ute i løypene for å auke attraktiviteten

Sak 07) Breiddesamlingar v/ Laila Bosdal-Thorsen

I 2020 har ein gjennomført følgjande:

- Jentesamling Ullsheim, 4.-5. januar. Arr. Markane IL/ SFSK
- Breiddesamling Ullsheim, 29. august. Arr. Markane IL/ SFSK
- Breiddesamling Langeland, 27. september. Arr. Førde IL/ Gaular IL/ SFSK
- Tverridrettsleg basissamling Førde, 24. oktober. Arr. SOFIK/ SFSK

Skikrinsen tilbyr litt økonomisk støtte til innkjøp av mat på bedriftskortet til Coop Extra.

Ekstra stimulering til klubbane for å gjennomføre samlingane (mtp. smittevern)

Breiddesamlingar vinter 2020/2021:

- Sonesamling: Markane IL, IL Bjørn, Førde IL og Gaular IL
- Interesse for breiddesamlingar i klubbane

Jentesamling Ullsheim jan 2021 utgår grunna COVID-19.

Sognefjellet Sommarskiskule i juni 2020 og Enivest Skiskule i okt. 2020 blei avlyst.

Sak 08) Krinslaget 2020-2021 v/ Tor Arne Hov

Krinslaget er flaggskipet og samlar aktivitetar frå 15 år og oppover.
 Hovudtrenarar: Simen Bækken og Roger Pollen
 Trenarar: Else Skeide Bakke, Eivind Øygard
 Utøvarar: 4 seniorar, 28 juniorar, 11 impulsløparar (sum 43 løparar)

Samlingsplan 2020*:

Fokus	Stad	Dato
Barmark	Førde	1.-5. juli
Barmark	Markane	13.-16. august
Barmark	Sogndal	10.-13. september
Barmark	Hemsedal	23.-27. september
Barmark	Førde	7.-11. oktober
Ski	Beitostølen	11.-15. november
Ski	Gålå	25.-29. november

**oppstart ein måned seinare grunna covid-19*

Krinslaget fungerer veldig godt som breiddekrinslag både for dei som satsar og også for dei som vil vere med i eit miljø.

Samlingsplanane blei endra grunna koronasituasjonen. Fyste samling 1. juli gjekk, men mista to samlingar før det. Men stor aktivitet og det blir trena godt.

Roger Pollen orienterte frå krinslaget. Testar løparar opp mot tidlegare år, sprintar og testløp. Sosial og god gjeng som utfyller kvarandre mellom øktene. Oppfølging med løparar etter behov. Informerte om fokusområdet og at løparane ikkje må trene for mykje fram mot sesongopning.

Sak 09) Team Elon Vest v/ Tor Arne Hov

Ny sponsor med 3-årig avtale.

10 løparar deltek på laget, 3 kvinner/7 herrer 2020-2021.

Sogn og Fjordane er representert med Gjøran Tefre (Førde IL) og Jon Rolf Skamo Hope (Hyen IL)
 Samlingsplan er gjennomført.

Sak 10) Økonomi/ marked v/ Tor Arne Hov

Rekneskapsrapport pr. 30.09.2020:

Langrennskomiteen har pr. 30.09.2020 eit betre resultat enn budsjettert totalt.

Langrennskomiteen

Pr. 30.09.2020

Budsjett

Driftsinntekter	Kr. 834 085,-	Kr. 1 526 800,-
Driftskostnader	Kr. 725 070,-	Kr. 1 526 800,-
Resultat	Kr. 109 015,-	Kr. 0,-

Trenarkurs Sognefjellet og sommarskiskulen vart ikkje gjennomført grunna covid-19, noko som gjer at driftsinntekter og -utgifter er lågare enn budsjettert for komiteen.

Ein er på budsjett på Hovudlandsrennet og litt betre resultat enn budsjettert på FIS-renn. NM og Jr. NM vart ikkje gjennomført grunna covid-19, og desse prosjekta har difor eit betre resultat enn budsjettert. Har kostnader på JR NM som ikkje ble gjennomført – fekk ikkje refundert hotellutgifter som var betalt.

Del 2 av markedsavtalane til komiteen er ikkje fakturert pr. 30.09.2020, det same med del 2 av krinslagskontingenten.

Av større kostnader ut året er m.a. innkjøp av krinslagsbekledning (ca. kr. 150 000,-) og overnatting krinssamlingar. Kostnader kjem fortløpande for prosjekt *Krinslag*.

Marknad:

Sponsoravtalar

- Sparebanken Sogn og Fjordane går ut 31.12.20. I forhandling.
- SFE går ut 30.04.2022
- Coop Nordvest SA går ut 31.12.2020
- Intersport/Erdal Sport går ut 31.05.2021

Eventuelt

Presentasjon i starten av møte med Gunn Aase Moldestad, sponsor Sparebanken Sogn og Fjordane. Dei jobbar med å forhandle fram ein ny 3-årig avtale med skikrinsen.

Ref.

Anne Lilleaasen/ Ingrid Narum

Vedlegg SAK 107 19-21 SFSK HKK protokoll nr. 04 19-21

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: JIÅ/ IN

Dato: 15.09.2020

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 04 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2019-2021

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)
Tidspunkt: Tysdag 15. september 2020, kl. 20.00-21.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 26 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

RAPPORTERING

SAK 27 19-21 Rekneskapsrapport pr. 26.08.2020

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 28 19-21 Aktivitetsplan sesongen 2020-2021

SAK 29 19-21 Terminliste 2020-2021

SAK 30 19-21 Handlingsplan 2019-2021

SAK 31 19-21 Rekrutteringsarbeid i skikrinsen

SAK 32 19-21 NSF sitt Haustmøte

SAK 33 19-21 Sakliste til Haustmøtet 24. oktober 2020

SAK 34 19-21 Status anleggsprosessar

EVENTUELT

TIL STADES: Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Lars Kveen, Johnny Seljeset, Lars Brekke og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER: Johnny Seljeset deltok ikkje under sak 26 og 27.

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 26 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

RAPPORTERING

SAK 27 19-21

Rekneskapsrapport pr. 26.08.2020

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 26.08.2020 er vedlagt.

Rapporten vert presentert i møtet.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 28 19-21

Aktivitetsplan sesongen 2020-2021

Bakgrunn

Komiteen drøftar rammer for aktivitetsplan 2020-2021 i møtet.

Leiar har vore i kontakt med hoppgruppa i Vetem IL for å få med aktuelle personar i møtet, men dei hadde ikkje høve til å delta.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å utsetje saka til haustmøtet.

Komiteen er avhengig av dialog med Vetem IL for å laga ein aktivitetsplan.

SAK 29 19-21

Terminliste 2020-2021

Bakgrunn

Komiteen drøftar rammer for terminliste 2020-2021 og oppnemner terminlisteansvarleg i møtet.

- sette dato for KM
- rekrutteringsrenn fleire stadar i krinsen (SFEhopp Cup), kontakt med fleire klubbar ved alpinanlegg
- sonevis SFEhopp Cup finale?

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å oppnemne Jon Ove Lomheim som terminlisteansvarleg, og han lagar til framlegg til terminliste til haustmøtet.

SAK 30 19-21

Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2019-2021 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2019.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta hopp- og kombinertkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å utsetje saka til haustmøtet.

SAK 31 19-21

Rekrutteringsarbeid i skikrinsen

Bakgrunn

Etter omorganisering av fellesadministrasjonen i NSF i 2019, der Utviklingsavdelinga vart lagt ned, er ansvar for rekrutteringsarbeid lagt til grein f.o.m. 01.01.2020.

Skistyret vedtok i februar 2020 at fordeling av post 3 midlar (frigjort etter nedlegging av Utviklingsavdelinga) skulle fordelast med kr. 1,2 mill. til grein og kr. 800 000 til tiltak i krets fordelt gjennom grein.

I møte i Skikrinsstyret 7. september 2020 drøfta styret tema rekrutteringsarbeid i skikrinsen, og gjorde følgjande vedtak i sak 82 19-21:

Skikrinsstyret gjer vedtak om at greinkomiteane diskutere rekrutteringsarbeid i sitt neste komitémøte, tek opp tema (evt. spelar det inn som sak) på NSF sine greinvise haustmøte/fagmøte, og set det opp som eiga sak på skikrinsen sitt haustmøte 24. oktober.

I tillegg har AU og greinkomiteane rekrutteringstiltak i handlingsplanen som også vert følgd opp.

Komiteen drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å ta saka opp igjen til haustmøtet, der komiteen sonderer med kvart sitt område i framkant av møtet.

SAK 32 19-21

NSF sitt Haustmøte

Bakgrunn

NSF sitt Haustmøte skulle opprinneleg gjennomførast i Oslo 16.-18. oktober 2020. Grunna situasjonen med covid-19 gjennomfører kvar grein sine fagmøte med eiga innkalling.

P.t. ligg det ikkje føre informasjon om når NSF Hopp og NSF Kombinert gjennomfører sine fagmøte.

Komiteen drøfta om andre enn leiar skal representere komiteen i møta, og evt. saker komiteen ynskjer spele inn.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om at leiar stiller på haustmøtet til NSF Hopp og at Johnny Seljeset stiller på haustmøtet til NSF Kombinert.

Dersom haustmøta vert halde digitalt kan ein vurdere om fleire i komiteen skal delta.

SAK 33 19-21

Sakliste til Haustmøtet 24. oktober 2020

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2020 skal avviklast 24. oktober i Førde på Idrettens Møteplass;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2020/9/haustmotet-2020/>

Rammeprogram:

Kl. 10.00	Fellesforedrag
Kl. 12.00	Lunsj
Kl. 13.00-16.00	Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins; - fellesdel - greinvis møte - alpint - hopp og kombinert - langrenn

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om følgjande sakliste til Haustmøtet 24. oktober 2020:

- Orientering frå Haustmøtet i NSF
- Rekrutteringsarbeid i klubbane
- Aktivitetsplan 2020-2021
- Terminliste 2020-2021
- Handlingsplan 2019-2021
- Status anleggsprosessar og veggen vidare

SAK 34 19-21

Status anleggsprosessar

Bakgrunn

1. Etablering av heilårs rekrutteringsbakkar i Hafstadparken i Førde (K10).
 - Status pr. 09.09.2020:
 - Førde kommune har sagt førebels nei for bygging av hoppbakken i Hafstadparken, grunna usikkerheit med plassering av fotballbane i same område.
 - Kommunen har gått inn med midlar som er betalt produsent SIMEK.
 - Nils Olav Kongsvik har sett ut eit godt eigna område i Vieåsen. Grendalaget der er positive, men Førde IL seier nei. Dei ynskjer bakken i Hafstadparken og meiner ein må avvente vidare prosess.
 - Oppfølging: Nils Olav Kongsvik (Førde IL) har teke ansvar for prosessen.
2. Etablering av heilårs rekrutteringsbakkar i Stryn sentrum (K8).
 - Status: I planleggingsfasen.
 - Oppfølging: Lars Kveen
3. Etablering av hoppbakkar ved Sogn skisenter.
 - Status: I planleggingsfasen. Prosess med spelemiddelsøknad med frist 1. oktober 2020.
 - Oppfølging: Jon Ove Lomheim
4. Etablering av heilårs rekrutteringsbakkar i Sogndal sentrum.

- Status: Jon Ove Lomheim har vore i kontakt med Sogndal IL v/ Tonje N. Tangerud om etablering av rekrutteringsbakkar i Sogndal sentrum, Fosshaugane Campus.
- Oppfølging: Jon Ove Lomheim

Komiteen diskuterte saka i møtet med oppdatering av status for prosessane.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering og gjer vidare vedtak om å følgje opp saka på haustmøtet.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jan Inge Årdal (s)
Fung. leiar HKK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 108 19-21 SFSK HKK referat Haustmøtet 2020

Referat Haustmøte Hopp og Kombinert, Førde 24.10.2020, kl 14.00-16.10.

Til stades: Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Per Birger Lomheim, Nils Olav Kongsvik

Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste

- Kun to av komiteemedlemer møtte og ingen representantar frå IL Vetten og Hornindal. Difor må det gjennomførast eige teamsmøte seinare der vi får med resten av komiteen og IL Vetten og Hornindal for å drøfte å handsama oppsette saker.
- Møte handsama generelt under «Eventuelt»
 - Korleis få til rekruttering (Sunnfjord og generelt)
 - Anleggsutbygging
 - Tema oppsett elles i saklista til møte

Sak 02) Val av referent

Jon Ove Lomheim valt som referent

Sak 03) Orientering frå Haustmøtet i NSF

Sak 04) Rekrutteringsarbeid i klubbane

Sak 05) Aktivitetsplan 2020-2021

Sak 06) Terminliste 2020-2021

Sak 07) Handlingsplan 2019-2021

Sak 08) Status anleggsprosessar og vegen vidare

Sak 09) Eventuelt

1. Korleis få til rekruttering
 - a. Få til samarbeid med etablert skisenteret for langrenn og/eller alpint om tilrettelegging 1-5-10 meters-bakkar for enkle aktivitetar for rekruttering
 - b. Klubbane må ha tilgang til lette rekrutteringsski med NN-binding. Komiteen arbeider vidare med hjelp for dette til klubbane
 - i. Sponsorstøtte
 - ii. Økonomisk bidrag frå komiteen ?
 - c. Nye rekrutteringsbakker ved «sentrum» (ved skule og/eller andre sommaranlegg) (Eksempel: Stryn, Eid, Sandane, Førde, Sogndal, Gaupne)
2. Anlegg
 - a. Vik.
Skikrinsen må legge press på kommunen for utstyr til preparering av hoppbakken
 - b. Stryn/Vetten il
 - i. Høgste prioritet er tilrettelegging for både trening og krinsrenn i etablert anlegg. Hoppmiljøet i Sogn og Fjordane er avhengig dette einaste tilbodet, før realisering ved Sogn skisenter og tilfredsstillande prepareringsutstyr i Vik.
 - ii. K70 bør prioriterast for porselen-/is-spor (NB: Betre stabilt spor enn idag)

- iii. Eventuelle ekstra tiltak om idrettslag har økonomi og ønske om det (nytt og meir sentralt skitau også for K70 , plastlegging K70 osv.
 - c. Rekrutteringsbakke Førde sentrum
 - i. Bør få den realisert snarast
 - d. Rekrutteringsbakke Stryn sentrum
 - i. Bør få den realisert snarast
 - e. Hoppanlegg Sogn skisenter
 - i. Realisering er avgjerande for hoppporten i Sogn og for skikrinsen elles
3. Andre tema.
- Det vart elles drøfta renn- og aktivitetstilbod generelt, dommarsituasjon, disponering (prioritering) av mildar på HKK-sitt budsjett osv for vidare innspel og handsaming i komiteen.

Ref.
Jon Ove